

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 06.10.2020
SAKSHANDSAMAR: Kjell Inge Solhaug
SAKA GJELD: **Nye Førde sjukehus - løypemelding**

ARKIVSAK: 2020/1992

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
26.10.2020

STYRESAK:
063/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til vitende

Oppsummering

Dagabygget, nybygg for psykisk helsevern, er i god rute for fysisk ferdigstilling i desember 2020. Prosjektet ligg godt an både på kostnad, kvalitet og framdrift.

Anskaffing for bygging av kommande delprosjekt er klaga inn for KOFA, og uttale vil ligge føre før planlagt kontraktssignering for Livabygget.

Det er under planlegging ei heildagssamling med eit utval av personell frå driftsorganisasjonen 4. november. Samlinga har som mål å trygge funksjonane og løysingane som no ligg inne, samt legge grunnlag for å kunne prioritere innanfor ramma som er sett for Nye Førde sjukehus som heilskap.

Fakta

I styresak 055/2020 gjorde styret vedtak i to punkt:

1. Styret ber administrerande direktør arbeide vidare med å trygge funksjonsmessig og økonomisk forsvarleg måte å gjennomføre ei utbygging av Livabygget i åtte etasjar.
2. Styret ber administrerande direktør gjennomføre ei intensjonskunngjering for å trygge anskaffinga som er gjennomført for Nye Førde sjukehus

Punkt ein i vedtaket er følgt opp med vidare samhandling saman med grupperinga til Veidekke. Det er gjennomført tekniske avklaringar for å få betre oversikt over kostnader i samankopling mellom nytt og gammalt bygg, samt arbeid som vedkjem opprusting av eksisterande bygg.

Det er under planlegging ei heildagssamling med eit utval av personell frå driftsorganisasjonen 4. november. Samlinga har som mål å trygge funksjonane og løysingane som no ligg inne, samt legge grunnlag for å kunne prioritere innanfor ramma som er sett for Nye Førde sjukehus som heilskap.

Punkt to i styrevedtaket er følgt opp med ei intensjonskunngjering. Åsen & Øvrelid har no klaga anskaffinga inn til KOFA. Nødvendige innspel til KOFA blir følgt opp. Det er forventa at fråsegna frå KOFA vil ligge føre innan planlagt dato for kontraktssignering for Livabygget 14. desember.

Helse Vest har innført ein ny mal for kvartalsrapportering på store byggeprosjekt, og 12. oktober var første rapporteringspunkt for den nye malen. Kvartalsrapporten frå Nye Førde sjukehus er vedlagt styresaka.

Kommentarar

Driftsorganisasjonen har mange gode ønskje og tankar for å utvikle og optimalisere Nye Førde sjukehus, og desse tankane er tekne inn i løysingane slik dei er utvikla i prosjektet. Samlinga 4.

november blir viktig for å kvalitetssikre at heilskapen no er på plass, og legge eit grunnlag for sluttprioritering av tiltak innanfor ramma til prosjektet. Direktørane for medisinsk klinikk, kirurgisk klinikk og drift og eigedom har teke hovudansvar og eigarskap til gjennomføring av dagen den 4. november. Det blir planlagt med eit koronatilpassa opplegg som kan inkludere 70-80 personar.

Dagabygget, nybygg for psykisk helsevern, er i god rute for fysisk ferdigstilling i desember 2020. Prosjektet ligg godt an både på kostnad, kvalitet og framdrift.

Vedlegg

Kvartalsrapport (HV) Nye Førde sjukehus